



*Statsråden*

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/2110-5

28. april 2023

## **Vedrørende representantforslag 220 S fra Birgit Oline Kjerstad, Grete Wold og Ingrid Fiskaa om marine grunnkart i kystsona**

Eg vil takka representantane Birgit Oline Kjerstad, Grete Wold og Ingrid Fiskaa, for spørsmål om eit viktig tema.

Marine grunnkart er eit godt verktøy for så vel betre miljøovervaking, som ei framtidretta næring langs kysten. Pilotprosjektet som blei gjennomført i 2020-2022 ga spennande resultat, med nøyaktige og samanstilte data for Stavanger, Ålesund/Giske og Skjervøy/Kvæningen.

Pilotprosjektet synte korleis tre ulike etatar saman fann fram til løysingar og testa ut teknologi. Dei arbeidde i lag på nye måtar, utvikla metodar og la grunnlaget for det som i dag er ei rekkje gode brukarhistorier frå pilotområda. Ein viktig tanke bak pilotprosjektet for marine grunnkart er at desse dataa skal gje kommunane og lokalsamfunn ressursar og kunnskap om eigne forutsetningar i møte med næringsinteresser og statlege etatar, slik at eit felles kunnskapsgrunnlag vil gje færre konflikhtar.

Det er gevinstar å hente ved å kartleggje kysten med marine grunnkart. Regjeringa er oppteken av at statlege investeringar skal kome fellesskapet til gode, og vi held tempoet oppe i gjennomgangen av teknologibruken og effektane. Samstundes er det viktig å bruke naudsynt tid for å gjere gode avgjerder.

Kommunal- og distriktsdepartementet følgjer effektane av pilotprosjektet nøye. Vi har og dialog med andre relevante departement for å sjå kva som er rett veg vidare.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, reading "Sigbjørn Gjelsvik". The signature is written in a cursive style with a blue color.

Sigbjørn Gjelsvik